

15. MAR 2007

2006/6573-019

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Hovudutval for lokal utvikling

Sak nr 27/07**Saksbehandler:** Marianne Hov**Arkiv:** C60**Arkivsak:** 04/1134-10**Møtedato:** 06.03.2007

BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØRING

Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har i brev av 5.1.07 sendt utgreiinga "bibliotekreform 2014" ut på høyring med høyringsfrist 1. april 2007.

Dei tre viktigaste elementa i den føreslåtte bibliotekreformen er:

1. Felles nasjonale digitale tenester
2. Norgesbiblioteket – nettverk av bibliotek i Norge
3. Kompetanseutvikling for tilsette.

Høyringa har 13 strategiar med 27 tiltak. Strategi og tiltaksdokumentet ligg på nettet:
http://www.abm-utvikling.no/publisert/ABM-skrift/2006/del1_web.pdf

Departementa ber spesielt om fråsegn knytt til forslaga om ei endra biblioteklov, eit norsk digitalt bibliotek og konsolidering innan folkebiblioteksektoren.

Utgreiinga understrekar dei store utfordringar biblioteka står over for. Dei opplever stadig nye krav til omstilling i takt med endringane i tida. Dette krev auka ressursar både lokalt, regionalt og nasjonalt. Bibliotekreformen treng 416 nye statlege millionar kvart år for å gjennomføra alle tiltaka.

Brukarane står i fokus. Målet er å gi alle frå barnehagebarn til forskarar gode bibliotektilbod, uavhengig av kor i landet ein bur. Ein ønskjer eit meir forpliktande samarbeid mellom alle typar bibliotek, auka satsing på digitale tenester og auka kompetanse i biblioteka.

1. Felles nasjonale digitale tenester

Ei hovudsatsing er å utvikla og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester, mellom anna ved digitalisering av eldre materiale i arkiv, bibliotek og museum. Målet er å skapa eit digitalt bibliotek gjennom ein felles portal som gir alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Gjennom samarbeid mellom biblioteka og nasjonal koordinering og finansiering skal ein realisera nasjonale tenester som er fritt tilgjengeleg for alle.

Spørretjenesta Biblioteksvar (<http://www.biblioteksvar.no/>) er eit godt eksempel på ei nasjonal fellesteneste som vert drive i samarbeid mellom mange bibliotek. Her kan ein mellom anna chatta med ein bibliotekar og få svar på direkten.

Mange av dei viktigaste nettbaserte kunnskapsressursane er betalingstenester med høge prisar.

For at innbyggjarane skal kunne nytta utvalde digitale innhaldsressursar fritt, samtidig som ein skal ivareta opphavsretten, må ein forhandla fram nasjonale lisensar. Ein ser for seg å kjøpa nasjonale lisensar slik at alle får tilgang til digitale leksikon som Store norske, ordbøker frå Ordnett til Kunnskapsforlaget og avisarkiv som Atekst med Aftenposten og dei andre store avisene. Tanken er at ein ikkje må gå på biblioteket, men skal kunne bruke lånekortet sitt heimanfrå.

Biblioteka skal og legga til rette for at barn og unge kan publisera eigne kreative uttrykk digitalt gjennom nettsidene til biblioteket.

Trålaust høghastigheitsnett er ein forutsetning for at biblioteka skal kunne gi brukarane tilgang til aktuelle digitale tenester og digitalt innhald og ivareta funksjonen som læringsarena. Det er og ein føresetnad dersom biblioteka skal kunne bidra til å redusera digitale skiljelinjer i folket, noko som er ein målsetting i planen eNorge2009.

2. Norgesbiblioteket - nettverk av bibliotek i Norge

Norgesbiblioteket er ei naturleg vidareutvikling av det samarbeidet som i dag eksisterer mellom biblioteka. I Norge er det mange små bibliotek med avgrensa ressursar og stor forskjell når det gjeld økonomi, kompetanse, tenestetilbod og høve til utvikling. Ein treng ei bibliotekreform som kan setja utvikling og eit likeverdig bibliotektilbod til alle i sentrum. Biblioteka i Norgesbiblioteket skal samarbeida på tvers av fag- og folkebibliotek. Innbyggjarane sine behov for gode bibliotektenester er viktigare enn forvaltningsgrenser og eigarstruktur.

I reformen inngår fleire tiltak som skal byggja Norgesbiblioteket som eit samarbeidande nettverk:

- konsoliderte bibliotek
- investeringsprogram for biblioteklokaler
- landsdekkjande transportordning
- endringar i biblioteklova og opplæringslova
- marknadsføring og profilering
- kvalitetsheving av arbeidet i biblioteka
- kompetanseutvikling

Konsolidering av folkebibliotek

Samanslåing av folkebibliotek til større einingar er ein viktig forutsetning for reformen. Bibliotekreformen innebere ein konsolideringsprosess der målet er styrka bibliotek og betre bibliotektenester gjennom koordinering og felles utnytting av ressursane. Å konsolidera tyder både å styrka og å samla.

Dei nye biblioteka må vera så store at dei dekkjer alle viktige kompetanseområde. Det må derfor vera minimum 6-8 årsverk i det enkelte bibliotek. Det betyr at dei bibliotek som har færre enn 5 årsverk i dag, må konsoliderast med bibliotek i andre kommunar. Føremålet er at ein skal kunne møte utfordringane i framtida med tilstrekkelig faglig nivå og omfang. Slik at folkebiblioteka bidreg til stadsutvikling og auka livskvalitet for innbyggjarane som lokale møteplassar. Men og som arena for formidling for litteratur og andre kulturtilbod, som læringsarena for både den formelle og uformelle læringa hos alle aldersgrupper, og med eit breitt tenesteaspekt. For å få dette til treng ein gode tilgjengelege lokaler og lange opningstider.

Folkebiblioteka skal vera demokratiske arenaer som er opne for alle. Folkebiblioteka er eit kulturtilbod som innvandrarane brukar. Biblioteka medverkar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.

Andre offentlege bibliotek

Universitets- og høgskulebiblioteka er viktige kunnskapsressursar som offentlege kunnskapsbibliotek. Dei skal vera ein del av Norgesbiblioteket og støtta opp under forskning og forskingsformidling. Dei skal og bidra til den generelle kunnskapsutviklinga i samfunnet, på same måte som offentlege spesialbibliotek. Det må vera eit krav at bibliotek i statlege organisasjonar gjer biblioteket sine ressursar tilgjengeleg for eksterne brukarar i biblioteket og på nettet.

Skulebibliotek i grunnskulen

Det trengst eit eige utviklingsprogram for å gi skulebiblioteka i grunnskulen eit nødvendig løft. For å bringa skulebiblioteka opp på eit akseptabelt bibliotekfagleg nivå, kan det vera nødvendig med ein eigen koordinator for alle skulebibliotek i ein kommune, som og kan vera bindeleddet til folkebiblioteket. Kommunane som eigarar av både folke- og skulebibliotek, bør vurdere korleis dei to bibliotektypene kan samhandla for at elevane skal få eit best muleg bibliotektilbod. Kommunane som eigarar av både folke- og skulebibliotek i grunnskulen har ansvar for utvikling av begge bibliotektypene.

Endra biblioteklov

Utgreiinga seier vidare at ein bør vurdere om det kan vera hensiktsmessig å samla lovgivningen for fleire bibliotekstypar i same lov – både folkebibliotek, universitets- og høgskulebibliotek, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek og Nasjonalbiblioteket. Formålet med ein endra biblioteklov er å sikra alle saumlaus tilgong til dei samla bibliotekressursene i landet. Ved ei lovendring er det avgjerande at ein tek vare på formålet i lova i dag der gratisprinsippet må stå fast for å sikra alle lik tilgang til kunnskap og informasjon. Ein må og sikra kompetanse ved å føra vidare kravet om fagutdanna biblioteksjef.

Folkebiblioteka er ein del av det kommunale tenestetilbodet, men samtidig har ein oppgåver utover den enkelte kommune gjennom å vera ein del av det samla biblioteknettverket.

3. Kompetanseutvikling for tilsette

Kunnskapsnasjonen Norge står ovanfor store oppgåver i utdanning, forskning, næringsliv og offentleg sektor. Brukarane stiller tilsvarende høge krav til offentlege tenester, og krava og forventningane til biblioteka er høgare enn før. Biblioteka må løyse sine samfunnsoppgåver gjennom breiare og oppdatert kompetanse.

Eit nasjonalt program for kompetanseutvikling vil vera nødvendig for å realisera måla i Bibliotekreform 2014. Område som peikar seg ut er leiing av bibliotek, omstilling og utvikling, tenesteutvikling, marknadsføring, utnytting av ny teknologi, pedagogisk vegleiing og litteraturformidling til ulike grupper. Fleire må stimulerast til å ta masterutdanning samtidig som det vert utvikla eit etter- og vidareutdanningsprogram. Fjernundervisningstilbod kombinert med samlingar vil kunne gi tilbod til mange, samtidig som det lar seg kombinera med å vera i arbeid.

Vurdering

Biblioteket er ein hjørnestein i det lokale kulturlivet i mange lokalsamfunn, og det er viktig at biblioteket blir sikra ein sentral plass også i framtida. Samfunnsrolla for biblioteka ligg i skjæringspunktet mellom kulturpolitikk, utdanningspolitikk og ein politikk for å styrka demokratiet.

Kommunalsjefen ser positivt på forslaget om å vidareutvikla nettverket av bibliotek i Norgesbiblioteket og endring av biblioteklova slik at ho gjeld alle typar bibliotek. Det er og positivt med auka satsing på digitale tenester og at alle blir sikra lik tilgang.

Når det gjeld konsolidering må reforma gi handlingsrom for ulike løysingar ut frå situasjonen lokalt og regionalt. Ein ser positivt på auka samarbeid, men ei systematisk konsolidering slik utgreiinga legg opp til kan vera negativt for kulturlivet i ein del lokalsamfunn.

Innstilling:


Hovudutvalet for lokal utvikling sluttar seg til dei synspunkta som kjem fram i saksutgreiinga.

Hovudutval for lokal utvikling den 06.03.2007 sak 27/07

Samrøystes VEDTAK:

Tilrådinga vart godkjent.

Klepp kommune, 08.03.2007


Arild Børge Skjæveland
leiar


Wigdis B. Detlie
sekr.

Kopi til:

Kultur- og Kirkedepartementet, Postboks 8030 Dep., 0030 Oslo